

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke

1. Bevillingsperiode

Det er ikkje naudsynt å søkje om fornying av innvilga sals- og skjenkeløyve i Radøy kommune, jf. alkoholova § 1-6, 3. ledd.

2. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk (gruppe 1 - høgst 4,7 volumprosent)

- a. Sal og utlevering kan skje frå kl. 08.00 til kl. 20.00 på kvardagar.
- b. Dagar før søn- og helgedagar unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag kan sal og utlevering skje frå kl. 08.00 til kl. 18.00.
- c. Sal og utlevering påske-, pinse-, jule og nyttårsaftan kan skje mellom kl. 08.00 og 16.00.
- d. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk skal ikkje skje på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai vedteke ved lov, jf. alkoholova § 3-7 tredje ledd.

3. Alminnelege skjenkevedtekter

- a. Skjenketida for øl og vin (under 22 volumprosent) er frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med unnatak av søn- og helgedagar då skjenketida er frå kl. 12.00. På fredagar og lørdagar og på kvardagar før helgedagar er skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 02.00.
- b. Skjenketida for brennevin (mellom 22 og 60 volumprosent) er frå kl. 13.00 til kl. 24.00. På fredagar og lørdagar og kvardagar før helgedagar er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
- c. For uteservering, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til kl. 23.00. For uteserveringar som har løyve til skjenking av brennevin, er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 23.00.
- d. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til maks. kl. 02.00. For brennevin er skjenketida frå kl. 13.00 til maks. kl. 02.00 med opningstid til maks. kl. 02.30.

4. Opningstider

Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida.

5. Konsum av skjenkt alkohol

Konsum av skjenkt alkoholhaldig drikk må opphøyrast seinast 30 minuttar etter utløp av skjenketida.